ÅRSMØTEDOKUMENT

UTDANNINGSFORBUNDET I ULSTEIN

16. APRIL 2024

1	Godkjenning av innkalling og sakliste	
	15.02 vart innkallinga til årsmøtet sendt ut til alle medlemer via e-post. I e-posten var det med lenke til digital påmelding via UDF sin nettstad. 02.04 vart sakliste og årsmøtedokument sendt ut til alle medlemmer. Styret si innstilling til vedtak: Årsmøtet godkjenner innkallinga og saklista.	

2	Konstituering	
2.1	**Val av møteleiar** Styret si innstilling til vedtak: Anja Ertesvåg er valt til møteleiar.	
2.2	**Val av referent** Styret si innstilling til vedtak: Linda Sævik er valt til referent.	
2.3	**Val av to til å skrive under protokollen** Årsmøtet si innstilling til vedtak: X og X er valt til å skrive under protokollen.	
2.4	**Val av teljekorps** Årsmøtet si innstilling til vedtak: X, X og X er valde til teljekorps.	
2.5	**Godkjenning av møte- og valreglement** Styret si innstilling til vedtak: Møte- og valreglementet er godkjent.	Vedlegg 1

3	**Årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret**	
3.1	**Årsmelding 2023** Det ligg føre årsmelding frå Utdanningsforbundet Ulstein for 2023. Styret si innstilling til vedtak: Årsmeldinga for 2023 er vedteken slik den ligg føre.	Vedlegg 2
3.2	**Rekneskap 2023** Det ligg føre rekneskap for Utdanningsforbundet Ulstein for 2023. Rekneskapen er godkjent av revisor. Styret si innstilling til vedtak: Rekneskap for 2023 er vedteke slik det ligg føre.	Vedlegg 3

4	**Budsjett**	
	Budsjett Det ligg føre framlegg til budsjett for Utdanningsforbundet Ulstein for 2024. Styret si innstilling til vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjettet for 2024.	Vedlegg 4

5	**Retningsliner for arbeidet i komande årsmøteperiode**	
	Styret ynskjer at vi vidareføre satsingsområda vi har hatt siste perioden fram til hausten 2024 slik føringane sentralt er. Landsmøtet har vedteke nye strategiar for dette året og sentralstyret arbeider med ny strategisk plan no i vår. Desse skal Fylkesstyret jobbe med og så får vi i Lokallaga deira prioriteringar som vil gjelde frå august 2024. Styret vil ut frå desse lage sine prioriteringar for vidare satsingsområde hausten 2024. Gjeldande retningsliner for arbeidet i komande årsmøteperiode I *Vi utdannar Noreg 2020–2023* ligg politikken som heile organisasjonen er forplikta til å arbeide med i landsmøteperioden. For å gjere tydelege prioriteringar og styrke den politiske påverkinga har organisasjonen også vedtatt ein strategisk plan. Planen gjeld for perioden august 2022 til og med desember 2023. *Vi utdannar Noreg* og *Strategisk plan* er viktige styringsinstrument som har ulike funksjonar, og som utfyller kvarandre. Dei fire satsingsområda er : ○ Trygge og helsefremjande arbeidsplassar: Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for arbeidsplassar prega av eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø. ○ Styring av utdanningssektoren: Utdanningsforbundet skal vere pådrivar for at nasjonal og lokal styring og utvikling av utdanning byggjer på eit breitt forskings- og erfaringsbasert kunnskapsgrunnlag og støttar opp under ei brei målforståing. ○ Fleire barnehagelærarar og auka bemanning i barnehagen: Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for sterkare lovverk sentralt og utvikling av lokale tiltak som kan betre bemanninga i barnehagen og barnehagelærartettleiken. ○ Lønnspolitisk offensiv for lærarar i skulen: Utdanningsforbundet vil arbeide for at den låge lønnsutviklinga for undervisningsstillingar blir stansa og kompensert for. Utdanningsforbundet skal arbeide for skjerpa krav i samfunnet til at alle elevar skal ha lærarar med godkjent lærarutdanning i alle undervisningstimar. <u>Styret si innstilling til vedtak:</u> Styret innstiller å jobbe vidare med følgande satsingsområder: - Trygge og helsefremjande arbeidsplassar - Styring av utdanningssektoren - Fleire barnehagelærarar og auka bemanning i barnehage - Lønspolitisk offensiv for lærarar i skulen	

6	**Val**
6.1.	**Særmøte. Val av HTV** Valnemnda si innstilling Anja Ertesvåg <u>Innstilling til vedtak:</u> Årsmøtet godkjenner valnemnda si innstilling til ny HTV for årsmøteperioden 2024 - 2025

6.2. Val av lokallagsstyre

Valnemnd: Remi Vattøy, Vedrana Terzic, Maria Vågsæter Myrene, Vara Karolina Klimek
Valnemnda er valt av årsmøtet og arbeider uavhengig av styret, jf § 64 i vedtektene til Utdanningsforbundet.
Valnemnda si innstilling til nytt styre:

Namn	Rolle	Val	Arbeidsplass	Valperiode
Anja Ertesvåg	Leiar	Valnemnda si innstilling	UBS	Valt for 2 år
Mette C. B. Holstad	Nestleiar	Valnemnda si innstilling	Almejordet	Valt for 1 år
Ole Jacob Arnesen	Styremedlem	Sit 1 år til	leiarrep. UBS	Ikkje på val
Linda Sævik	Styremedlem	Valnemnda si innstilling	UVS	Ikkje på val
Linda Arneberg	Styremedlem	Valnemnda si innstilling	UVS	Valt for 2 år
Randi Lyngbø Ottesen	Styremedlem	Valnemnda si innstilling	PPT	Ikkje på val
Ingolf Sakkarus Dyrhol	Styremedlem	Valnemnda si innstilling	UUS	Valt for 2 år
Aud Janne Hatlebakk	Styremedlem	Valnemnda si innstilling	UBS	Valt for 2 år
Caroline Torgersen	Styremedlem	Valnemnda si innstilling	Høddvoll bhg.	Valt for 2 år

Innstilling til vedtak:
Årsmøtet godkjenner valnemnda si innstilling til nytt styre for årsmøteperioden 2024 - 2025

6.3. Val av vara

Valnemnda si innstilling til vara:

vara				
Namn	Rolle	Val	Arbeidsplass	Valperiode
Ole Terje Sukka	1. vara	Valnemnda si innstilling	Oppvekst-kontoret	Valt for 2 år
Lene Gamlemshaug	2. vara	Valnemnda si innstilling	Haddal Skule	Valt for 2 år
Amalie Ristesund	3. vara	Valnemnda si innstilling	Haddal Skule	Valt for 2 år

Innstilling til vedtak:
Årsmøtet godkjenner valnemnda si innstilling til nye vara for årsmøteperioden 2024 - 2025

6.4. Val av valnemnd

Det er styret som legg fram innstilling til valnemnd. Det er nye reglar om at vi må velgje vara i prioritert rekkefylgje. Styret har valt

Namn	Rolle	Arbeidsstad	Val	Periode
Vedrana Terzic	Medlem	Kultur/Ung Arena	Styret si innstilling	Valt for 2 år
Remi Vattøy	Medlem	Ulstein ungdomsskule	Styret si innstilling	Valt for 2 år
Maria Myrene Vågsæter	Medlem	Ulstein Skule	Ikkje på val	
Karolina Klimek	1. vara	Almejordet Barnehage	Styret si innstilling	Valt for 2 år
Håvard Hatløy Hagen	2. vara	UBS	Styret si innstilling	Valt for 2 år
Heidi Mundal	3. vara	IMU	Styret si innstilling	Valt for 2 år

,
Maria Myrene Vågsæter, Ulstein skule

1. Vara: Karolina Klimek, Almejordet barnehage
2. Vara: Håvard Hatløy Hagen, UBS
3. Vara: Heidi Mundal, IMU

Styret si innstilling til vedtak:
Årsmøtet godkjenner styret si innstilling til ny valnemnd. Lokallagsstyret får fullmakt til å finne eventuelle medlemmer som manglar i løpet av året.